

J E S U S.

For Deg og for meg laut han koma
frå Himlen til jordi vår ned,
alt medan ein englesong ljoma eit himmelreint, jublante "Fred."

For Deg og for meg laut han fødast, og leggjast på klutar og strå.
So dødssåret vårt kunde grødast, og liv me på nytt kunde få.

Før Deg og for meg laut han leva eit liv som var feilfritt for Gud.
Til Deg og til meg vil han gjeva sitt reine "rettferdighets skrud".

For Deg og for meg vart han såra, det skuldlause, reine Guds Lam.
Vart knust for missgjerdene våra. Forleten av Gud i vår skam.

For Deg og for meg laut han lida den grufulle død på ein kross.
So heilt han fekk lindra vår kvida, og skuldi betala for oss.

For Deg og for meg vil han beda om nåde og kraft frå vår Gud.
Om Deg og om meg vil han freda, som brudgomen fredar si brud.

So me skal få retten å bera hans bilæte, æra og glans,
og saman med han få regjera, med kongeleg kruna og krans.

I lovsong for Lammet si truna, vår Frølsz sitt åsyn me ser.
Og iklædde Himmelens bunad, so jublante glade me er.

Johs.M.L.Rudland.